



Harry Michal Rosnes
Amalie Skrams vei 37
5036 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/7637 - 20/17694

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
01.04.2020

Registrert avvik lokk på septiktank gbnr 117/3

Tiltak: Utbetring lokk til septiktank
Byggjestad: Gbnr: 117/3
Tiltakshavar: Harry Michal Rosnes

Alver kommune har den 25.03.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning den 20.03.2020, vart registrert at lokket på septiktanken på eigedommen din, med adresse Mongstadvegen 250, 5955 Lindås, er ei usikra plate og at denne plata låg i tanken. Når septiktanken er open slik som her, kan det vere fare liv og helse og for at born eller dyr kan falle ned i tanken.

Etter plan- og bygningslova § 31-3 har eigar av eit byggverk eller ein installasjon på eigedomen plikt til å halde desse i forsvarleg stand slik at det ikkje oppstår fare for skade på person eller miljøet.

Lokket må utbetrast og sikrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 30.04.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre tilhøve og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova § 32-3.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre lokket, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre ein avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å halde ein installasjon på eigedomen i forsvarleg stand følgjer av plan- og bygningslova § 31-3.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Harry Michal Rosnes

Amalie Skrams
vei 37

5036

BERGEN